

Juryuttale for konkurranse om kunstoppdrag i «Gladiatorgangen» Voss gymnas

To kunstnarar vart invitert til lukka konkurranse om oppdrag for «Gladiatorgangen». Frist for innlevering var 6. februar 2017. Begge kunstnarane leverte det etterspurde materialet innan fristen. Juryen hadde møte 9. februar i Bergen.

Gladiatorgangen:

Den so kalla Gladiatorgangen går frå garderobane i underetasjen og ut på idrettsbana. Desse delane av bygget/uteområdet vil vere i bruk også utanom skuletid, t.d. ved større idrettsarrangement, og ein vil såleis nå ei større brukargruppe.

Kunstprosjekt i Gladiatorgangen skal bidra til betre akustikk og til å gjere denne delen av bygget til ein betre stad å opphalde seg. Kunstprosjektet skal ta i bruk akustiske paneler.

Kunstutvalet for (nye) Voss gymnas bad om følgjande frå dei deltakande kunstnarane:

- a. Utgreiing av idé og intensjon
- b. Skisser som visualiserar idéen på ein ukomplisert måte
- c. Omtale av økonomi og tekniske løysingar
- d. Materialprøve, om relevant og ønskjeleg

Deltakrar:

- Kiyoshi Yamamoto
- Marius Martinussen

Jury:

Som jury fungerer kunstutvalet for nye Voss gymnas:

Petra Rahm, kunstfagleg prosjektleiar og leiar for juryen

Merete Hauge, eigedomsavdelinga, Hordaland Fylkeskommune (HFK)

Gunnar Hemre Ringheim, eigedomsavdelinga HFK

Tone Stedal Haugland, kultur- og idrettsavdelinga, HFK

Per Højgaard Nielsen, arkitektrepresentant, HLM arkitekter

Rakel Marøy, lærarrepresentant / brukarrepresentant

Sara Rykke Mandelid, elevrepresentant / brukarrepresentant, Voss gymnas

Petra Rahm fungerer som sekretær for juryen.

Begge deltakande kunstnarar leverte det etterspurde materialet og svarte på oppgåva på ein god måte. Juryen hadde stor glede av å gå inn i dei enkelte kunstnarlege idéane, og etter ein grundig prosess vart komiteen sameina om følgjande:

Kiyoshi Yamamoto:

Yamamoto har levert eit godt gjennomarbeidd forslag. Forslaget har ein spanande og leiken, men likevel elegant koloritt. Valet av farge på golv, og å la fargeleiken fortsette også ut på tribuna, gir et ekstra løft til prosjektet.

Juryen opplever forslaget som litt statisk, og er usikker på om prosjektet klarer å skape ei heilskapleg oppleveling i rommet.

Marius Martinussen:

Martinussen sitt forslag *Gladius*, gir med sin leik med rytme, farge, geometriske former og spanande komposisjon, gangen eit dynamisk preg. Utrykket er intenst i både form og farge, og juryen meiner at dette vil fungere godt i eit rom med ein slik funksjon. Forslaget aktiverer heile rommet, og gjør den i utgangspunktet kjedelege gangen til ei spanande form- og fargeoppleveling, som vil gi energi på vegen ut til "kamp-arenaen".

Konklusjon:

Juryen ønskjer å gje oppdraget til Marius Martinussen, då ein opplever at dette forslaget vil løfte gangen på den måten ein har ønskt med å ha eit kunstprosjekt her.